

## Nettverk for fådelte skular i Sogn 24.oktober 2024

**Stad:** Norane oppvekstsenter, Ylvisåker

**Tidspunkt:** Torsdag 24.oktober 2024 kl 10.00-14.30

**Målgruppe:** Tilsette og leiarar ved fådelte skular i Sogn

**Lunsj:** Ja, inkludert. Meld frå om evt. allergiar i påmeldinga

**Deltakaravgift:** Nei, samlinga vert dekkja av regionale midlar

Etter førespurnad frå nokre skular vil me freiste å starte oppatt eit eige nettverk der ein kan dele erfaringar og drøfte viktige problemstillingar rundt det å jobbe på fådelte skular. Me har i dag drift ved 12 fådelte skular i Sogn.

### Tematikk for samlinga:

- Presentasjonsrunde – kort om deg sjølv og di eining
- Treng me eit fellesskap/nettverk for fådelte skular? Kvifor? Korleis?
- Kva utfordringar står me ovanfor i dag? Kva har endra seg dei siste 10-20 åra for fådelte skular?
- Korleis organiserer me oss ved den einskilde skule?
- Korleis jobbar me med læreplanen, ny opplæringslov og andre sentrale føringar?
- Korleis er det å vere elev ved ein fådelt skule i dag?
- Open post. Send gjerne inn tema eller spørsmål på førehand til Ellen slik at me kan førebu best mogeleg

### Ansvarleg for samlinga:

Tidlegare rektor/styrrar ved Skjolden oppvekstsenter Ellen Havellen, tlf: 415 63 871,  
[ellen.havellen@gmail.com](mailto:ellen.havellen@gmail.com)

**Påmeldingsfrist: 21.oktober kl 09. Meld frå om evt. allergiar i merknadsfeltet i påmeldinga.**

**Det må vere minimum 8 påmeldt for at samlinga blir gjennomført.**

Velkommen!

Beste helsing frå

*Ellen Havellen*

Ansvarleg for samlinga

*Ingrid Steine Bortne*

Programleiar barnehage- og skuleutvikling